



Raudt



Velferd og makt til folket

Raudt Høyanger sitt program for kommunestyrevalet 2015

raudt.no/høyanger

www.pdf-arkivet.no (2020)

Raudt sine lokal-politiske hovudmål

Oppretthald Høyanger som eigen kommune – ta vare på opparbeidde gode, og nærliek til makt og velferd. Nei til FrP/H si kommunesamanslåing.

Styrke Høyanger kommune ved å

- ▶ Bli ein føregangskommune på oppvekstvilkår, ungdomstilbod, kultur og omsorgsnivå
- ▶ Bli den mest attraktive arbeidsplassen med tanke på arbeidsmiljø og andre vilkår
- ▶ Bli ein tydelegare solidaritetskommune ved å ta mot fleire asylsøkjrar og flyktingar
- ▶ Få gjennomslag for bygging av hall B for å sikre Hydro-bemannning og ringverknader. Hydro har areal og eigenkapital – staten må styre og sikre vasskraft
- ▶ Bygge ut rusbehandlinga ved Tronvik. Det trengst både som tilbod og arbeidsplass
- ▶ Sikre at overgangen til Coop Extra ikkje inneber reduksjon eksisterande tilbod i "Samvirke-bygget"
- ▶ Ha byggjeklare tomtar både til gjennomgangsleilegheiter og bustadhus – i heile kommunen
- ▶ Oppretthalde Høyanger vidaregåande skule –kommunal overtaking om nødvendig

Meir velferd på kostnad av rik-folk og stat

Kommunane må få tilbakeført meir av skatte- og avgiftskronene og verdiskapninga. Pengestraumen har lenge gått motsett veg – frå Distrikts-Noreg til Oslo, byane sin «vestkant» og til utlandet. Dei mørkeblå har forsterka straumen. Vil AP snu den?

Frå mørkeblått til raudt

Raudt vil delta aktivt med å setje den mørkeblå regjeringa på plass. Vi seier

- ▶ nei til privatisering av velferdsgode
- ▶ nei til forsterka sentralisering og avfolking
- ▶ nei til kommunesamanslåing og rasering av bygder, distrikt og fylke


Raudt håpar og trur at dei mørkeblå grev si eiga grav før valet i 2017. Men vi gjev ikkje AP blankofullmakt. AP si glideflukt opnar veg for Høgre. Raudt vil alltid stille krav til AP om ein betre politikk enn dei stod for i regjering.

Kommune-Noreg treng ei utvikling frå mørkeblått til raudt. Det vil gje grunnlag for meir velferd for innbyggjarane og betre arbeidsmiljø for kommunetilsette. Det kan gje tilflytting til Høyanger i staden for avfolking.



Arbeidsplassar og levande lokal- samfunn

- **Bygg hall B!** Regjeringa må sikre billeg kraft til kraftkrevjande industri. Nei til auka nettleige, auka kraftekspor og Statkraft si profitt-maksimering
- **Gjenreis jordbruket!** Statlege og kommunale støtteordningar som monnar. Eit årsverk i jordbruket må likestilla økonomisk og sosialt med andre yrkesgrupper
- **Lukka fiskeoppdrett!** Inga auke i oppdrett før miljøproblema er under kontroll. Næringsa må respektere motviljen i nærområda og få frist på å lukke anlegga
- **Likeverdige arbeidsplassar!** Offentlege arbeidsplassar og arbeid i jordbruket må verdsattast like høgt som arbeidsplassar i privat sektor og i industrien
- **Oppretthalde status er langt fra nok!** Det trengst desentralisering av arbeidsplassar – både statlege og private. Kva tid skal Hydro leggje ein fellesfunksjon med arbeidsplassar til Høyanger? Det trengst ei jubileums-gåve som monnar!
- **Tryggare vegar og betre kollektivtilbod!** Viktigast er tilbod for å minske privatbilbruk, og utbetring av båtsambandet over fjorden



VIL HA AUKU: Einar Rysjedal i Raudt ville torsdag vedta auke på halvannå stilling i lærarbemanninga i kommunen. Kommunestyret vil derimot vente til våren. - Det er endå tid til å realisere det, seier Rysjedal.

Arkivfoto: Karin Flato

Kommunen mot straumen

HØYANGER: Mens mange kommunar kuttar i skulen, vil Høyanger gjøre det motsette.

UTDANNING

MARIE HAYNEN
marie.haynen@firda.no 41630684

- Målet er at folk etter avslutta utdanning skal flytte tilbake til Høyanger, seier ordførar Petter Sørland frå Arbeidspartiet.

“

Eg trur vi finn dekning dersom det er naudsynt

PETTER SØRLAND (AP)

kommunestyret for å utsetje avgjørda til våren 2012.

hold til økonomi- og budsjettplasser for 2012-2015.

Sørland fortel at det i kommunestyret vart signalisert politisk velvilje for framleggjet. Men kommunestyret vil vurdere drifta i første del av 2012, før dei tek opp spørsmålet om ekstra løvingar til oppleiring.

- Eg trur vi finn dekning dersom det er naudsynt, seier Sørland om det totale driftsbudsjetten på 486 millionar for 2012.

Heldig som kan prioritere

ringsbudsjettet med 8,5 millionar frå 2010 til 2011.

- Ein satsar på skule fordi det er framtida sine Høyanger-innbyggjarar som går på skule forhåpentlegvis. Både elevar og lærarar må få best mogleg bagasje, seier ordføraren.

Sjølv om elevatalet vil gå drastisk ned dei neste fire-fem åra, er det ikkje aktuelt å legge om skulestrukturen.

- Inntil vidare er det ikkje eit tema hos oss, seier Sørland.

Både Rysjedal og Sørland er einige om at det er ei utfordring å holde opp med den økende befolkninga.

Born og oppvekst

- Oppretthalding av skulestrukturen – større klassar minskar kontakten lærar/elev og skulane er viktige samlingspunkt i bygdene
- Fleire delingstimar, dele store klassar, lågare terskel for bruk av vikar

- og maks 15 elevar pr. kontaktlærar
- Auka trafikktryggleik – fartsgrenser, synlege gangfelt, gangbruer m.m.
- Vedlikehald av eksisterande leikeplassar.

Kommunen som arbeidsgjevar

- ▶ Betre arbeidsmiljø, bu- og vidareutdanningstilbod for dei tilsette sin del, og for å kunne konkurrere med andre kommunar om arbeidstakrar
- ▶ Omfattande renovering av adm. bygget ved Høyanger skule – ingen god grunn til at lærarar skal ha därlegare arbeidsforhold og inneklima enn på Rådhuset
- ▶ Fjerning av deltid og småstillingar ved å auke grunnbemanninga
- ▶ Innføring av likeløn i staden for kvinneløn.
- ▶ Ta Fagforbundet sine ord på alvor: «*Yrker hvor ansatte jobber turnus er ofte tunge og belastende. Forbundets svar på disse utfordringene har vært 6-timersdag med full lønnskompensasjon. Det*

Helse, omsorg og sosial

Individuelt tilpassa omsorg ved å gje reelle val mellom heimetenester eller institusjonstilbod, og begge deler med romsleg bemanning

Sikring av rusomsorg og psykiatritenester med både lågterskeltilbod, oppretting av meir differensierte tilbod, aktiviseringstiltak, verna arbeidsplassar/-trening og bustader/bukollektiv med miljørarbeidarar.

Stopp fattigdommen med at uføre og andre som treng det, får pensjonar og ytingar å leve normalt av utan å måtte «gå på sosialen».

Raudt vann fram

Ingunn Kandal fekk kommunestyret med på å **løye** pengar til uteklede til **SFO- og barnehagetilsette**.

Trass i brei semje om budsjettidisplin, vart det tradisjonen tru nokre påplussingar på budsjettet for 2015 og.

Raudt ved vararepresentanten Ingunn Kandal fekk gjennomslag for å auke driftshudsjettet med 100.000 kroner.

Pengane skal brukast til å kjepe uteklede til tilsette som jobbar i barnehagane og i SFO-ordninga i Høyanger kommune.

- Eg kan ikkje forstå kvifor mannsfolka som jobbar i til dømes uteseksjonen i kommunen skal få dekka arbeidskdede, medan barnehage- og SFO-tilsette må halde seg med klede sjølv, sa Kandal då ho føreslo å fá dette inn i budsjettet.



SIGRA: Ingunn Kandal og partiet Raudt fekk gjennomslag.

FOTO: GEIR Ivar L. RAMSLE

Kandal peika på at sidan dei fleste tilsette i barnehagar og i SFO er kvinner, er dette òg ei viktig likestillingsaksjon.

- Dei er minst like utsette for vêr og vind som vaktmeistrane i kommunen, slo ho fast.

vil kunne gi mange hel stilling, og langt flere vil kunne stå i jobb fram til pensjonsalder».

Dette er Raudt einig i. Vi vil foresla at kommunen etablerer forsøk med 6-timars arbeidsdag.

Kultur, idrett og ungdom

Idrett og kultur må bli ein berebelje i utvikling av kommunen:

- ▶ Auka støtte til frivillige organisasjoner
- ▶ Oppretthalde filialane og opningstidene ved biblioteka
- ▶ Opprusting av Byporten – etablering av Gunnar S.-galleri
- ▶ Vedlikehald av anlegg og tiltak for fysisk aktivitet
- ▶ Arbeide for eit aktivt ungdomsråd og aktivt oppfylle ungdommen sine krav.

Ap og Raudt samarbeider

Arbeidarpartiet og Raudt i Høyanger har underskrive ein samarbeidsavtale for den komande perioden i kommunestyret.

Begge partar understrekar at dette er like mykje ein avtale om politiske saker som tildeling av verv. Deltidsstillingar og lærartettleik er nokre av sakene dei vil ta fatt i.

Side 3



Faksimile frå Ytre Sogn 4. oktober 2011

Raudt samarbeider med Ap

Raudt har derfor fått gjennom mange saker:

- Uteklede for tilsette i barnehagar og SFO
- Inga kommunesamanslåing dersom ikkje ja ved folkerøysting
- Opne dører i kontrollutvalet
- Trafikktryggleikstiltak – m.a. på Berge og i Austrheimslia
- Redusert eigenbetaling på tryggleksalarm
- Motstand mot FrP/H si svekking av arbeidsmiljølova
- Krav til bustadpolitisk strategiplan
- Livssynsnøytrale seremonior
- Forsøk med auka grunnbemannning

Raudt har også fremja krav frå AMU, LO og fagforeiningar:

- Mot sosial dumping
- Mot deltid og krav om sterkare tiltak
- Auka stillingsressurs til hovudverneombod og HMT-leiar

Raudt er likevel misfornøgd med AP på fleire punkt – m.a.:

- AP stemte saman med dei borgarlege for å avslutte forsøk med auka grunnbemannning (del av samarbeidsavtalen)
- Manglande framdrift på universell utforming av offentleg bygg (del av samarbeidsavtalen)
- AP gjekk inn for nedskjeringspå kostnad av oppvekst (f. eks. lærarstillingar), omsorg (f. eks. grunnbemannning) og kultur (f. eks. bibliotekarstilling på Kyrkjebø). Må kommunen ha millionoverskot?
- Manglande miljøomsyn frå AP si side:
 - Vasskraftutbygging utan reservasjon
 - Oppdrettsnæringa har fått auka armslag
- AP stemte mot Raudt-forslag om å avgrense auken i foreldrebetalning

Stem Raudt inn på fylkestinget også!



Ingunn Kandal, lærar på Kyrkjebo skule, toppar fylkestingslista vår. Som lærar med erfaring frå små skular, veit Kandal kor viktig nærmiljøskulen er for både elevane og bygdene og kor skadeleg det er med sentralisering.

Kandal har ofte møtt som vararepresentant i Høyanger kommunestyre. Her fekk ho dei andre partia med på at tilsette i barnehagar og SFO skal få uteklede. Kandal fekk også vedteke (mot Høgre sine stemmer) at eventuell kommunesamanslåing skal vere basert på fakta, fri vilje og folkerøysting.

Raudt er einaste partiet som kan bety noko radikalt nytt på fylkestinget. Raudt vil gjere større forskjell enn om AP og SV vinn eit ekstra mandat. Og: Kandal er den einaste sosialisten frå Høyanger som kan kome inn utanom Henrik Oppen frå AP. La derfor stemma di gå til Raudt.

Draumen om det nye samfunnet

Raudt sitt mål er eit samfunn i likevekt med naturen og der alle har likeverdige plikter og rettar. Alle skal yte etter evne og få etter behov – uavhengig av bakgrunn, hudfarge og kjønn. Dette er eit samfunn utan kvinneundertrykking, rasisme, stengde grenser og klasseforskellar.

I dag går utviklinga i motsett retning – miljø og natur går på kostnad av profitt, og klasseforskellane aukar. Raudt arbeider derfor for eit sosialistisk samfunn der fleirtalsinteressene har overteke styringa med utvisking av dei kunstige forskellane mellom menneska som målet.



Raudt Høyanger si valliste 2015



Framme frå venstre: Randi Aven, Einar Rysjedal, Anne Marie Fimreite
Bak: Ingunn Kandal, Arild Ullebø, Ottar Uglum. Foto: Geir Ivar L. Ramsli

Raudt Høyanger – vallista ved kommunestyrevalet

1. Einar Rysjedal
2. Randi Aven
3. Arild Ullebø
4. Ingunn Kandal
5. Ottar Uglum
6. Anne Marie Fimreite
7. Magnar Wøien
8. Anne Britt Skjerven
9. Egil Michael Haaland
10. Eli Gudvangen
11. Jan Sæbø
12. Hilde Raknerud
13. Jarle Martin Håland
14. Ida Vangsnes Hatlestad
15. Knut Egil Ohnstad

16. Ingunn Eikås
17. Jofrid Nordstrand Forthun
18. Per Martin Gudvangen
19. Linda Lyeng
20. Sveinung Austrheim Kvist
21. Line Sofie Ueland
22. Tore Fimreite
23. Lisbeth Dregelid
24. Vilde Fimreite Hatlestad